



Hytta er renoverert med nye vindaugo, ny kledning og ny pipe.

Hytta på Storhaug er no ferdig opprusta og klar til bruk.

Åtte brukarar på gardane Kjærland, Rød og Ljosnes er eigarar og har lagt ned eit stor arbeid med renovering og opprustning.

Då uskedalen.no var innom Storhaughytta i dag la Leif Magne Framnes siste hand på eit langt og velgjort arbeid.

Hytta på Storhaug vart bygd på 1970-talet av Statkraft. Det var straum fram og det vart sett inn ein trafo for å forsyna linken som sende signal mellom Statkraft sine anlegg i Mauranger og Sauda.

Hytta har stor stove, to soverom, kjøkken, vaskerom og toalett og er faktisk den einaste hytta i Uskedalsfjella med innlagt elektrisk straum.

Det er innkjøpt hyttemøblar av høg kvalitet og innan kort tid kan eigarane ta hytta i bruk.

Storhaughytta ligg vakkert til på eit høgdedrag og med fritt utsyn mot Folgefonna, Rosendalsfjella, Hardagerfjorden og Englafjell/Ulvanåso.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Leif Magne Framnes legg siste hand på verket, han legg kabel og monterer stikkontaktar.